



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

19.02.2021

Vår ref:

2020/5845

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Høyring av frivillig skogvern for Kudalen i Stad kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Kudalen. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 25. april 2021.

Tilbodsområdet Kudalen ligg langs ei fjordside i midtre Nordfjord, på austsida av grenda Hunvika i nærliken av Nordfjordeid i Stad kommune. Det føreslegne verneområdet er lokalisert på gards- og bruksnummer 18/1-4 og er eit sameige med fire private grunneigarar. Dei har underskrive tilbod om vern av Kudalen som naturreservat etter prosedyren om frivillig skogvern. Vi melder oppstart av verneprosess for eit areal med storleik på 1600 dekar.

### Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. I 2020 var omlag 5,0 prosent av skogarealet og ca. 3,8 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Til årsskiftet 2021 runda vi 3 prosent skogvern i Vestland.

Det er eit nasjonalt miljømål at *et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*. Vern av skog er også viktig for å nå mange miljømål vedtekne av Stortinget.

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsigte arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det har vore satt av nær ein halv milliard kr per år dei to siste åra til skogvern over statsbudsjettet, noko som syner at dette blir høgt prioritert av Stortinget.

### Frivillig skogvern

Dei siste åra har frivillig skogvern vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Grunneigarane har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivaretake.

E-postadresse:

[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Sikker melding:

[www.statsforvaltaren.no/melding](http://www.statsforvaltaren.no/melding)

Postadresse:

Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

[www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

Org.nr. 974 760 665



Artsdatabanken, som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylge av utbygging og skogbruk er blant viktige faktorar. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre Vestlandsnaturen for framtida.

### Verneverdiar i Kudalen

Det tilbydde området dekkjer heile gradienten frå fjord til fjell i midtre Nordfjord og ligg i ei varm li vendt mot sør- sørvest. Verneforslaget består av gammal furuskog med bjørk og osp. Mykje lungenever og hengelav er jamt fordelt i området som vart kartlagt. At området ligg i boreonemoral sone, delvis lokalisert i lågareliggjande område og har ein del areal på høgare bonitetar gjer tillegg området relevant i vernesamanheng. Kudalen har regionale - nasjonale verneverdiar (2-3 stjerner). Rådgivende Biologer som kartla tilbodsarealet, vurderer tilbodsområdet til delvis å oppfylle manglar i skogvernet i Vestland. Statsforvaltaren var på synfaring i tilbodsarealet med grunneigar og biolog, og vurderer at det er verneverdig.



Figur 1 Det var mykje død ved i alle nedbrytingsfasar i Kudalen. Død ved er ein viktig indikator på kontinuitetsskog.  
Foto: Statsforvaltaren i Vestland v/Maria Knagenhjelm

### Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for Kudalen.



## Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like.

## Brukarteresser

Det er noko beite frå husdyr i det nordaustlege området av det foreslegne naturreservatet. Forskrifta opnar for beiting med beitedyr, samt utplassering av saltstein i samband med dyrehaldet. Forskrifta har også ei opning for å kunne søkje om oppsetting av gjerde dersom det er aktuelt i samband med husdyrhald. Det er ingen skogsbil- eller traktorveger, og skogen er vanskeleg tilgjengelig dersom skogbruk hadde vore eit alternativ for grunneigarane.

Det er ikkje registrert kulturminne i Kudalen i offentlege databasar, men det utelukkar ikkje at det kan være kulturminne i området. Disse vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemynde. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området.

Det er ei lita hytte ved Kudalsvatnet, samt ei tilhøyrande bod og gapahuk. Hytta har vore bygd etter 2016, jf. flyfoto. Den er ikkje veldig mykje brukt, jf. grunneigarane, og dei bêr inn gass og proviant på ryggen når dei skal inn. Grunneigarane har trekt kravet i tilbodsbrevet om å kunne hogge ved i naturreservatet til bruk på hytta.

Bortsett frå ein sti til Dalssetra i det nordaustlege hjørnet av reservatet er det lite friluftsliv inn i kjerneområdet, og dei som brukar området er mest lokale kjentfolk. Det er opning i verneforskrifta til å brenne bål med nedfallskvist eller med medbragt ved. Det meste av området er bratt og utilgjengeleg, men grunneigarane er på jakt i sesongen og på synfaring fann vi spor av hjort. Hjortestammen er ikkje større enn at det var god forynging av t.d. osp.

Når det gjeld namn på verneområdet var det opphavlege arbeidsnamnet Hunvika. Vi vurderte at Hunvika var for eit litt større område inkludert ei bygd, og at namnet måtte være meir presist. Det mest sentrale stadnamnet geografisk for det føreslegne verneområdet er Kudalen. Det ligg eit lite tjern som heiter Kudalsvatnet, samt ei hytte der. Grunneigarane støtta namneforslaget Kudalen, og det har ikkje komme innvendingar mot namnet i oppstartsfasen av verneprosessen.

## Innspel til oppstartsmeldinga

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 22. januar 2021. Innan fristen den 16. februar 2021 fekk Statsforvaltaren 7 innspel. Ingen av innspela er kritiske til opprettinga av Kudalen som naturreservat. Vi fekk inn to innspel etter fristen (frå Direktoratet for mineralforvaltning og Språkrådet). Dei er likevel inkludert som innspel i denne runden fordi det er to månader til fristen for høyringa går ut.

Landbruksdirektoratet har, i brev datert den 22. januar 2021, nokre generelle innspel. Dei ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva landbruksinteresser det er i området. Dei går også ut i frå at



landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifa som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.


Statens vegvesen skriv i uttale datert den 29. januar 2021 at dei ikkje har merknadar til verneframleggget.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv i uttale datert den 11.februar 2021 at så langt dei kjenner til er det ingen eksisterande konfliktar mellom oppretting av verneområdet og interesser knytt til energi og vassdrag med eksisterande og planlagde energi- og nettanlegg, vasskraftverk, hydrologiske målestasjonar eller liknande. Dei gjer oss likevel merksame på at transmisjonslinja Ørsta-Alfoten på 420 kV ligg nært vernegrensa nordaust for området. NVE føreset at Statnett SF uttaler seg om vernesaka, og at Linje AS (tidlegare SFE nett AS) blir inkludert på høyningslista. NVE ønskjer at disse to selskapa uttalar seg sjølv om vet eventuelt ikkje er konfliktar i saka.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vernegrensa ligg 33 meter sør for nemnte transmisjonslinje. Vi har inkludert Linje AS på høyningslista. Vi ser at Statnett og Linje også fekk kopi av brevet frå NVE.

Statnett sendte brev datert den 11. februar 2021, og uttalar seg som rettshavar i nærleiken av det føreslegne verneområdet. Fordi dei eig, drifter og driv vedlikehald av transmisjonsnettleidninga har dei også rett til rydde skog i sideterreng utanfor ryddebeltet av omsyn til forsyningstryggleiken til leidninga. Dei ønskjer såleis at verneforskrifta inkluderer eit generelt unntak for tiltak knytt til drift, vedlikehald og naudsynt istandsetjing ved akutt utfall av linjenettet. På det nærmaste ligg det føreslegne naturreservatet 33,06 meter frå det klausulerte ryddebeltet for skog, og ved eit akutt havari på mast 212 og 122 kan det være behov for tiltak og motorisert ferdslle innanfor vernegrensa. Under er detaljkart henta frå Statnett si uttale.



*Kommentar frå Statsforvaltaren:*



Forsyningstryggleiken for straum er vesentleg for samfunnet, og det er viktig å kunne drifta, halde ved like og kunne gjere tiltak ved akutte hendingar på linjetraseen. Vi vurderte i oppstarten at vernegrensa var trekt langt nok unna linjetraseen til at ein ikkje trengte tilpassingar i forskrifter, men har no lagt til opningar i verneforskrifta i samsvar med innspelet frå Statnett. Sjå vedlagte verneforskrift, § 4 j og § 7 k.

Forsvarsbygg skriv i brev datert den 11. februar 2021 at dei ikkje ser konflikta med det føreslegne verneområdet, og registrerer at dei generelle unntaka frå ferdsselsreglane inkluderer omsynet til militær operativ verksemd og landing og start med forsvarets luftfartøy.

Språkrådet sendte innspeil til oss den 18. februar 2021. Dei støtter framleggat vårt om å bruke Kudalen som namn på det føreslegne naturreservatet.

Direktoratet for mineralforvaltning kom med innspeil i sitt brev datert den 17. februar 2021 om at dei ikkje kan sjå at det føreslegne verneområdet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Dei har såleis ingen merknadar til det konkrete verneframleggat.

### Innspeil og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspeil på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspeil på denne høyringa føreligg, vil Statsforvaltaren vurdere innspeila og ta endeleg stilling i si tilråding av vern til Miljødirektoratet. Vi håpar på vernevedtak før jul 2021.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på [nettstaden](#) vår. Her kan du også sende inn innspeil til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspeil med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvlp@statsforvalteren.no](mailto:sfvlp@statsforvalteren.no).

### Frist for å kome med innspeil er 25. april 2021.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Grunneigarliste er teke ut i frå egedomsregisteret. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Framlegg\_forskrift om vern av Kudalen naturreservat
- 2 Frivillig vern, høyringskart Kudalen, Stad

**Mottakerliste:**

AT Skog				
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN	
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN	
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ	
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO	
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS	
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM	
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO	
STATNETT OSLO	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO	
HOVEDKONTOR				
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN	
AT Skog SA				
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO	
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO	
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE	Rygg	6823	SANDANE	
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG	
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO	
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO	
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO	
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN	
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN	
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND	
Miljødirektoratet				
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO	
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO	
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN	
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO	
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO	
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS	
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS	
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ	
Ingvill Henden	Hundvikvegen 550	6774	Nordfjordeid	
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO	
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO	



Magne Harald Hunvik	Barbra Rings Vei 3	1358	Jar
MIDTRE NORDFJORD TURLAG	Lyngvegen 18	6823	SANDANE
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
LINJA AS AVD GLOPPEN		6823	SANDANE
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Håkon Hunvik	Hundvikvegen 444	6774	Nordfjordeid
MYRBAKKEN SEVERIN	SVENDSTU OPPHUS	2450	RENA
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
AT SKOG SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
Det norske skogselskap			
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
SFE KRAFT AS	Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU



Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Rønnaug Torheim	Hundvikvegen 510	6774	Nordfjordeid
SFE PRODUKSJON AS	c/o Sogn og Fjordane Energi AS	6823	SANDANE
	Sørstrandsvegen 227		
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA